



Valldal Idrettslag

Styremøte Valldal IL
Onsdag 3. juni 2020 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Anne Nygård

1. vara til styret: Odd Lennart Vikene kom under sak 16/20

Fotball v/Solfrid Fjeldstad

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Disksport v/Richard Moen

Ikkje møtt: Anders Rem, Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning,

Sakliste -

16/20 Status

- Status for gruppene når det gjeld aktivitet

Disksport v/Richard Moen: Gjennomført turnering, god avstand og godt vær, så det gjekk fint. Ingen premieutdeling, men overføring av premie til konto

Fotball v/Solfrid Smines: I gang med trening. Ingen kampar før tidlegast til hausten. Dei planlegg rekrutteringsdag ved skolestart.

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes: De har bestemt at det ikkje skal være noko arrangement før skolestart. De ønsker å ha tre cupar etter skolestart. De har utfordra Liabygd til å ta en cup slik at det blir fire totalt for friidrett. VIL står for tur til å arrangere Norddalsstafetten. Litt uklart om korleis det blir i Fjord kommune.

Ski v/Jan Ole Fuglem: Klubbaktivitetane startar opp igjen etter skolestart. Ingen organisert trening i sommar med unntak av at de vil forsøke å ha litt skytetrening. Innafor gjeldande regelverk.

Trim v/Andreas Håvoll: Det er lagt opp poster på «Georeg».

Ressursgruppa er i sving torsdagar. Blant anna er flaggstanga er måla.

- Mefjellet opp

Vert arrangert som planlagt. Kommunelegen har godkjent opplegget. Mosjonsklasse veka før.

- Jordbærdilten

Det vert lagt opp til å arrangere jordbærdilten i Olsokhelga. Styret diskuterte om det kunne være andre alternativ.

- Valldal Stadion



Valldal Idrettslag

Kva skal vi gjere med den? Den er nesten gul av løvetann. Er det mogleg å få den sprøya? Andreas skal spørje Trond om han kan gjere det. Jan Ole seier at han kan prøve å gjere det torsdag eller fredag. Værmeldinga ser bra ut for å kunne gjere det på dagtid.

17/20 Årsmøte 2020

Gjennomgang og fastsetting av endeleg sakliste til årsmøtet. Gjennomgang av

- Årsmelding

Leiar gjekk gjennom utkast til årsmeldinga

- Rekneskap

Overskudd på ca kr 37.000. Innestående på bank ca 1,2 mill.

- Budsjett – arbeidsplan

Leiar gjekk gjennom utkast til arbeidsplanane for gruppene og hovudlaget, og budsjett for hovudlaget. Budsjettet kjem ut med et overskot på kr 50.000. Da ligg det inne honorar til ei lønna 25 % sekretærstilling på 70.000 for halve året 2020.

Styret har ønske om at det blir arbeidd for å ha trenarsamlingar på tvers av gruppene. Tema kan vere motivasjon.

- Sak om anlegg på Krikane

Det er ikkje så mykje nytt. Er planane kome så langt at saken kan vedtakast på årsmøtet i år? For at det skal opp i årsmøtet må finansieringsplanen vere på plass. Med dagens plan står det att ein rest på omlag 1 mill som ikkje er finansiert. Der må ein ha sponsormidlar og lån. Helst ikkje lån. Søknaden om spelemidlar bør vere klar i oktober. Styret innstiller på at saka blir tatt opp i årsmøtet.

Forslag som vert lagt fram for årsmøtet:

Forslag til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner førebelse planar for skiskyttaranlegg og reserveanlegg for ski på Høghjelle/Grønningsæter innanfor ein kostnad på inntil 4 mill kroner.
2. Føresett underskrivne grunnavtalar, kan enklare tiltak startast opp i 2020 innanfor ein kostnad på 200.000 kroner. Dette omfattar grøfting av våte parti, planering stadion, voll bak skiver, fundament for skiver og midlertidige skiver.
3. Endelige planar for anlegget med kostnader, finansiering og driftsplan skal leggast fram for godkjenning av ekstraordinært årsmøte før søknadsfrist for spelemidlar i oktober 2020.

18/20 Eventuelt

Andre ting som er nødvendig å ta opp